



På Kjerland har vi no om dagen ei lilje som ber namnet Triumphator med rette.

Lilja blei kjøpt frå Hageglede for nokre år sidan.

Eller rettare sagt vi fekk den med på kjøpet då vi kjøpte nokre andre planter.

Den har sidan vokse seg større og større for kvart år.

I fjor hadde den 125 blomar og var blitt 150 cm høg. I år er den over 2 meter høg og den har over 150 blomar. Lilja er ein krysning mellom orientalsk lilje og trompetlilje. Normal høgde skal vera 120 cm.

Kvar blom er 15 cm og harei fantastisk lukt. Planta er eit flott syn den veka den står i full blom.

Tekst og foto: Hans Reidar Kjærland

